




RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 10.05.2019
Vår ref.: 2019/11058-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Haukeland Søndre - gnr. 84, bnr. 7 - landbruksveg - Radøy kommune

Me viser til brev datert 26.04.2019 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 84, bnr. 7 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut i frå vårt arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne knytt til den planlagde trasèen, men det er registrert fleire lokalitetar med forhistorisk busetjing i området, desse er frå yngre steinalder, bronsealder og jernalder (sjå figur 1, område med automatisk freda kulturminne er vist som rune-R i kartet).



Figur 1. Kartutsnitt som viser automatisk freda kulturminne i området.

På bakgrunn av mengda funn i området ville me normalt vurdert ei synfaring, for å ta stilling til om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering etter §§ 3 og 11. Me ser at tiltaket allereie er utført, dette er

beklageleg då vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentlig redusert. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka

Me ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservator også skal varslas om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr – Bnr – kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.